



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statlege forventningar
til kommunane

2023



Innhald

Forord.....	4
1 Utfordringar i Vestfold og Telemark	5
1.1 Samfunnstryggleik og beredskap	5
1.1.2 Eigenberedskap og samordning.....	5
1.2 Demografi	6
1.2.1 Kommuneøkonomi.....	6
1.2.2 Kapasitet og kompetanse	7
1.3 Klima, miljø og berekraft.....	8
1.3.1 Bruk og vern av areal	8
1.3.2 Oslofjorden.....	9
2 Statlege forventningar til kommunane	10
2.1 FNs berekraftsmål.....	11
2.2 Rettstryggleik og god forvaltning	11
2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv	12
2.4 Samfunnstryggleik og beredskap	14
2.5 Kommuneøkonomi.....	14
2.6 Oppvekst.....	15
2.6.1 Skole	15
2.6.2 Barnehage.....	16
2.6.3 Barnevern	16
2.7 Helse, omsorgs- og sosialtenester.....	17
2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse.....	17
2.7.2 Sosiale tenester i NAV	20
2.7.3 Husbanken.....	21
2.8 Integrering.....	21
2.9 Utsette barn og familiar	22
2.10 Miljø	23
2.10.1 Natur.....	23
2.10.2 Forureining	23
2.10.3 Vassforvaltning	24
2.11 Landbruk.....	25
2.11.1 Berekraftig eigedomsforvaltning	25
2.11.2 Tilskotsforvaltning og kontroll.....	25
2.11.3 Næringsutvikling	25

2.11.4	Skogskadar	25
2.12	Arealdisponering.....	26
2.12.1	Jordvern i arealplanlegginga	26
2.12.2	Strandsone i arealplanlegginga	28
2.12.3	Klima i arealplanlegginga.....	28
2.12.4	Forureining i arealplanlegginga	28
2.12.5	Naturmangfald i arealplanlegging.....	29
2.12.6	Kunnskapsgrunnlag i arealplanlegging.....	29
2.13	Samferdsel	30
2.14	Gravplass.....	30
3	Dialog og samarbeid	31

Forord

Stat og kommunar er tett integrerte. Kommunane gjer ein formidabel jobb både på egne vegne og på vegne av staten.

Utgangspunktet for dette dokumentet, òg kalla «forventningsbrevet», er nettopp den tette koplinga mellom staten og kommunane. Føremålet er å legge til rette for effektiv styringskommunikasjon, mellom anna ved å klargjere ansvaret til kommunane og det lokale handlingsrommet.

I brevet formidlar vi styringssignal gitt gjennom m.a. lovar, forskrifter, stortingsmeldingar og deira handsaming, rikspolitiske retningslinjer, rundskriv, statsbudsjett, dei tilhøyrande tildelingsbrev til statsetatane og kommuneproposisjonen.

Forventningane er utforma enten som krav/pålegg (må/skal) eller prioriteringssignal. Dette skiljet er sentralt, for å gjere tydeleg det kommunale handlingsrommet. Krav/pålegg er derfor merka særskilt.

Forventningsbrevet erstattar ikkje den løpande kommunikasjonen mellom staten og kommunane, men er eit årleg forsøk på å gi betre oversikt, heilskap og samanheng på strategisk nivå. Ved eventuelle vesentlege endringar gjennom året vil kommunane bli særskild informerte.

Brevet er heller ikkje ei fullstendig oppgåveliste. Det sentrale er nye eller justerte krav til kommunane og høgt prioriterte oppgåver, statlege satsingar, jf. mellom anna konsultasjonsordninga, og dessutan område der det er ynskjeleg at resultatane til kommunane blir betre.

Vi oppmodar som alltid kommunane til å gi oss tilbakemeldingar om korleis vi kan gjere forventningsbrevet til eit enda betre hjelpedokument.

16. august 2022

Per Arne Olsen

statsforvaltar i Vestfold og Telemark

1 Utfordringar i Vestfold og Telemark

Gjennom pandemi-tida har forvaltinga, framfor alt kommunane, synt ei framifrå evne til omstilling, innsats og til å finne løysingar. Denne evna er det trong for òg i meir normale tider, for utfordringane står i kø, ikkje minst knytt til klimaendringane. I tillegg blir det krevjande for mange kommunar å sørge for at ressursane til tenesteproduksjon i åra som kjem blir tilpassa endringane i innbyggerane sine behov, når delen eldre aukar. I dette kapitlet omtalar vi nokre utfordringar kommunane særskilt bør vere merksame på i åra som kjem.

1.1 Samfunnstryggleik og beredskap

Frå koronapandemien råka landet i 2020 har kommunane handtert ein kontinuerleg og sektorovergripande beredskapssituasjon, som samstundes har råka globalt. Ein har ikkje utan vidare – som ved meir avgrensa hendingar – hatt moglegheit til å hente personell og materiell utanfrå.

I lange periodar har krisehandteringa stilt samtidige og høge krav til store delar av det komplekse samfunnsmaskineriet. Auka politisk styring av krisehandteringa er òg ei ny erfaring som er hausta.

Koronapandemien, Ukraina-invasjonen, fabrikkbrannar og containerskip som blir ståande fast i Suez-kanalen, har synleggjort den omfattande sårbarheita som ligg i globalisering: Eit fåtal store leverandørar av innsatsfaktorar, halvfabrikata og ferdige produkt, og "just-in-time"-logistikk.

Utover å sikre evna til å takle plutselige ytre påkjeningar i form av dei mest «vanlege» kriser og katastrofar, så må kommunane ha kompetanse og planar for omfattande og langvarig omstilling av tenesteproduksjonen (kontinuitetsplanlegging) og for å kunne handtere svikt/reduert kapasitet i kritisk infrastruktur og forsyningssvikt/rasjonering.

1.1.1 Omfattande migrasjon/store flyktningsstraumar

Hausten 2015 (Syria-krisen) og igjen våren 2022 (Ukraina-krisen) har kommunane blitt utfordra med mottak, innkvartering og

busetting av store flyktningsstraumar, og etter kvart med å få til ei vellukka integrering. Krig, manglande demokrati og avlingssvikt er gjerne drivarar. Klimaendringar vil på sikt kunne føre til omfattande migrasjon, og då gjerne frå svært folkerike delar av verda.

Kommunane må vere budde, så langt det er rimeleg, på å kunne handtere ei plutselig og stor tilstrøyming av menneske som det må ytast tenester til, alt frå mindre grupper over kort tid ved ei lokal evakuering, til eit scenario som hausten 2015, men i endå større omfang.

Innreisekjeden

Pandemien og Ukraina-krisa har vist at "innreisekjeden" frå og til utlandet kan føre til store ekstra utfordringar for kommunar som har lufthamn og ferjeanløp innafor egne grenser.

1.1.2 Eigenberedskap og samordning

Dei siste åra har vi blitt ytterlegerare merksame på sårbarheit på ei rekke samfunnsområde, og vektlegg derfor krav til robuste løysingar og eigenberedskap. Samstundes har pandemien vist oss at ved omfattande og komplekse hendingar er det nødvendig at innsatsen blir samordna på tvers av kommunegrensene.


Skal slik samordning lukkast må evne og vilje til aktiv og konstruktiv deltaking på samordningsarenaer vere på plass.

1.2 Demografi

I Vestfold og Telemark har bykommunane og tettstadene størst vekst, ikkje minst Holmestrand, Tønsberg og Sandefjord. På den andre sida opplever fleire av distriktskommunane nedgang i folketalet, både i form av fødselsunderskot og fråflytting. Fylket har dei seinare åra hatt eit stadig lågare fødselsoverskot. Det er difor netto tilflytting som syter for veksten i folketalet. Innvandring har vore særleg viktig i enkelte distriktskommunar, som elles ville hatt endå sterkare nedgang i folketalet. I 2016 kom det meir enn 2 000 innvandrarar, men det fall til om lag 1 000 i 2020. No kan dette endre seg att, med flyktningar frå krigen i Ukraina.

Busettinga blir sentralisert. Samstundes aukar delen eldre, særleg i dei spreiddbygde

områda. Slik har det vore ei stund og slik held utviklinga fram, etter SSB sine framskrivingar av folketalet. Det er jamt over unge i fruktbar alder som flyttar til bynære strom, mens dei eldre er meir bufaste og blir igjen i distriktskommunane. Samla sett tyder dette at fleire kommunar bør planlegge for å møte ein nedgang i folketalet. Mindre fødselskull vil til dømes påverke dimensjonering av barnehage- og skoletilbodet, mens auken i eldredelen vil krevje styrka innsats og omstilling til meir aldersvenlege lokalsamfunn. I om lag halvparten av kommunane i fylket vil minst 30% av innbyggjarane vere 67 år eller eldre innan 2050, etter SSB sine prognosar. Med ei slik utvikling veks omsorgsbøra monaleg, dvs. at færre yrkesaktive må syte for ein auka del pensjonistar.



Figur: Del 67 år eller eldre i 2050. Hovudalternativet i SSB sine framskrivingar av folketalet. Kjelde: SSB.

1.2.1 Kommuneøkonomi

Rekneskapsresultata for kommunane i fylket var monaleg betre i 2021 enn i 2020. Berre tre kommunar hadde svakare netto driftsresultat i 2021 enn i 2020. Og berre ein

kommune hadde negativt driftsresultat i 2021.

Dei gode rekneskapsresultata har mellom anna samanheng med høgare

skatteinntekter enn forventet. Det er ikkje venta at denne auken vil halde fram.

Balanserekneskapane viser at 21 av 23 kommunar hadde høgare disposisjonsfond ved utgangen av året enn ved starten. Ingen kommunar har meirforbruk som må dekkast inn i 2022. Meir pengar på bok er viktig når utgiftsauken som følge av den demografiske utviklinga kjem nærare i tid.

I kommuneproposisjonen for 2023 skriv Kommunal- og distriktsdepartementet at «kommunenes kostnader som følge av endringer i befolkningssammensetningen [er] ventet å øke.» Dette skuldast at det blir fleire eldre, noko som vil gi ein vekst i utgifter til helse- og omsorgstenester og auka behov for arbeidskraft innan sektoren. Samstundes vil det bli relativt færre i yrkesaktiv alder, noko som òg betyr at veksten i skatteinntekter vil gå ned.

Vidare står det at «Disse utviklingstrekkene vil bidra til et redusert handlingsrom i statsbudsjettene framover, noe som også vil kunne få betydning for kommunerammene.»

Samstundes viser økonomiplanane for perioden 2022-2025 at fleire kommunar planlegg med svake netto driftsresultat framover. Det gjer at fleire kommunar i fylket, hovudsakleg fleire av dei små og mellomstore med relativt låge utgiftskorrigerte frie inntekter, kan få betydelege utfordringar med å finansiere og oppretthalde tenesteproduksjonen på same nivå og med same utforming som i dag i åra som kjem.

Det er avgjerande at desse kommunane tilpassar omfang og kvalitet på tenestene til behovet innanfor dei ulike sektorane, og driftsinntektene. I tråd med demografiutviklinga vil det i praksis, for

mange kommunar, bety at det blir nødvendig å fordele om ressursar frå andre tenester til helse- og omsorgstenester.

1.2.2 Kapasitet og kompetanse

Utfordringar knytt til rekruttering og kompetansebehov innanfor helse og omsorg varierer mellom kommunane, og er størst i kommunar med låge innbyggjartal og mindre sentral plassering. Enkelte distriktskommunar har store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar, noko som blir særst utfordrande for drift av sjukeheimar og heimesjukepleia. Mangelen på vernepleiarar gjer seg òg gjeldande i dei fleste kommunane. Rekrutteringsproblema i kommunane gjer det vanskeleg å styrke kompetansen på smittevern, pandemihandtering, og helsefagleg kompetanse generelt. Mange kommunar har òg langvarige og aukande rekrutteringsvanskar for fastlegar. Dette er særleg uttalt i dei små kommunane i Telemark, men vanskan aukar òg i bykommunar. Vanskane knytt til fastlegeordninga gjer det krevjande å sikre dei kommunale legevaktene med god nok kompetanse.

Det er kapasitetsutfordringar i nokre kommunar på område som landbruk, byggesak og arealplan. Til dømes spenner ressurstilgangen på landbrukskontora frå ein eller to tilsette, til større fagmiljø. Nokre kommunar samarbeider om eit felles landbrukskontor. Dei klarer på dette viset å få til eit kontor med fleire medarbeidarar og dermed eit sterkare fagmiljø. Men i små kommunar endar ein ofte opp med eit lite landbrukskontor med avgrensa ressursar og dermed eit lite fagmiljø.

1.3 Klima, miljø og berekraft

Klimaendringar grip inn i fleire fag- og ansvarsområde i kommunesektoren og føreset samarbeid på tvers. Utan systematisk integrering utset kommunen seg for ulik klimarisiko, enten det gjeld akutte eller meir gradvise endringar.

Utfordringsbildet er samansett. Tilsette, kommuneøkonomi og kompetanse blir ofte trekt fram som dei største organisatoriske utfordringane. Klimaprofilane for Vestfold og Telemark stadfester ei auke i klimarelaterte naturhendingar (flaum, overvatn, ekstremvêr, tørke og havnivåstigning). Det krev tiltak. Klimaendringar kan òg skape konsekvensar for biologisk mangfald, drikkevasskvalitet, avlinger, mattryggleik og skognæringa.

FNs delrapportar frå klimapanelet stadfester behovet for augeblikkeleg handling, både handling som fører til reduserte utslipp av klimagassar for å fjerne karbon frå atmosfæren, og for å tilpasse oss klimaendringane. Det hastar å handtere akselererande klimarisiko.


Strengare miljø- og klimapolitikk vil verke inn på kommunal planlegging og forvaltning.

Vestfold og Telemark har ei målsetting om å redusere klimagassutsleppa med 60 prosent innan 2030, og FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn for all samfunns- og arealplanlegging. Kommunane sin innsats og kunnskap er avgjerande for å kunne konkretisere arbeidet, identifisere målkonfliktar og treffe dei rette tiltaka.


1.3.1 Bruk og vern av areal

Arealbruken i Vestfold og Telemark er prega av mellomstore byar og tettstader langs kystlinja, mens busetnaden lenger inn i landet er meir spreidd. Presset på areala er størst i områda som alt er nokså tett utbygd. Dette gir utfordringar for arealplanlegginga framover. Vi har òg store, samanhengande natur- og friluftsområde i fjell og utmark, med stort naturmangfald. Dei er avhengig av ei langsiktig forvaltning, særleg gjennom kommuneplanlegginga.


AREALRESSURSER



BEBYGD AREAL



Strandsona langs sjøen er under sterkt press i vår region, og byggeforbødet i 100-metersbeltet skal etter lova praktiserast strengt. Likevel vert det årleg bygd om lag 200 nye bygnader i strandsona, i hovudsak garasjar, bustader og fritidsbustader. Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal i fylket er redusert frå 45% til 41% dei siste 20 åra, jf. SSB.



Fylket har store område med villrein. Den er ein nasjonal ansvarsart. Vi har særleg ansvar for å ta vare på villreinen sine leveområde. Samstundes er fjell- og utmarksområda viktige ressursar for næringsutvikling som turisme og landbrukstilknytt næringsverksemd. Fleire av kommunane i fylket er blant dei største hyttekommunane i

landet. Det gir utfordringar. Planlegging og utbygging av fritidsbustader må balanserast mot omsynet til friluftsliv, natur og utmarksnæringar.

1.3.2 Oslofjorden

Oslofjorden er ein av Noregs mest artsrike fjordar, men tilstanden er mange stader dårleg. Store delar av Oslofjorden har moderat økologisk miljøtilstand og dårleg kjemisk miljøtilstand. Torskebestanden er på eit historisk lavt nivå, og tareskogen er i tilbakegang. Miljøgifter og marin forsøpling har negative konsekvensar for dyreliv og naturopplevingar, og allmennheita sin tilgang til strandsona er sterkt avgrensa.

For å kunne løyse utfordringane i Oslofjorden er det naudsynt å jobbe tverrfagleg og langsiktig. Regjeringa har derfor lagt frem ein heilskapleg tiltaksplan for fjorden. Den omfattar 63 konkrete tiltak, der departement, direktorat, statsforvaltar, fylkeskommune, kommunar og andre er ansvarlege for gjennomføring innan kvar sine områder. Kommunens viktigaste tiltak handlar om avløp, landbruk og tilgjengelegheit i strandsona.

2 Statlege forventningar til kommunane

Statsforvaltaren er representanten til Kongen og regjeringa i fylket, og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer kan bli følgt opp.

Statsforvaltaren skal bidra til å samordne, forenkle og effektivisere den statlege verksemda i fylket. Vi skal samstundes halde regjeringa og sentraladministrasjonen orientert om viktige spørsmål i fylket, ta initiativ som trengs og fremme forslag til løysingar.

Statsforvaltaren er sektormynde med forvaltingsoppgåver for ei rekke fagdepartement og direktorat. Vi er klagemynde og tilsynsmynde, og skal sikre rettstryggleik for innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar.

Kommunen verkar i spenningsfeltet mellom ønsket til lokalsamfunnet for å styre eiga utvikling og behovet til staten for å setje i verk nasjonal politikk på lokalt nivå. Kommunen skal både ivareta ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltingsfunksjon.



2.1 FNs berekraftsmål

Regionale og lokale mynder har eit særskilt ansvar for å følge opp berekraftsmåla. Ifølge FN kan to tredelar av delmåla berre nåast gjennom lokal innsats. Kommunane har ansvar for store delar av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar befolkningas levekår og utviklingsmoglegheiter. Kommunane er tenesteleverandørar, eigedomsforvaltarar, arbeidsgivarar og innkjøparar, og har dermed stor innverknad på utviklinga lokalt.

Kommunane *bør* bruke offentlege innkjøp som eit verkemiddel for å stimulere marknader til å tenke berekraftig og bidra til å nå berekraftsmåla.

Planlegging etter plan- og bygningslova er eit sentralt verktøy for oppfølging av

berekraftsmåla. Det er *forventa* at kommunane legg berekraftsmåla til grunn for sin samfunns- og arealplanlegging.

Det finst alltid mål- og interessekonfliktar. Å avklare dei er politiske val. Regjeringa vil samarbeide med kommunesektoren for å vidareutvikle berekraftskompetansen i kommunane, og som ein del av dette utvikle målepunkt for arbeidet med berekraftsmåla som kan brukast lokalt. Målepunkta skal bidra til at prioriteringar kan baserast på eit godt faktagrunnlag. Målepunkta blir òg eit verktøy for kommunane som ønsker å rapportere på berekraftsmåla.

Signaldokument: Mål med mening: Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030 (Meld.St.40).

2.2 Rettstryggleik og god forvaltning

For kommunar er det spesielt viktig å skilje mellom utøving av offentlig mynder og politikk. Det blir mellom anna fatta avgjerder som kan gripe langt inn i livet til den enkelte borgaren. Legalitetsprinsippet tyder at jo større inngrep dei ulike avgjerdene inneber, jo klarare skal heimelsgrunnlaget vere. Det gjeld dessutan fleire forvaltingsrettslege prinsipp for sakshandsaminga, irekna krav til at saker skal greiast ut, at dei blir handsama likt og forsvarleg, at alle er gitt høve til å uttale seg, at man må halde seg til saka og rettsreglane m.m. Det er t.d. ikkje mogeleg å vektlegge politiske omsyn når det blir gitt dispensasjon frå forskrift i eller gitt i medhald av plan- og bygningslova.

Spesielle forventningar på utvalde område

Plan- og bygningslova

Vi *forventar* at kommunane følger Statsforvaltaren sin sjekklister når det blir sendt over klagesaker.

Krav/pålegg: Det er eit krav i forvaltingslova at vedtak blir grunnleggjande konkret. Dette gjeld spesielt for dispensasjon og der kommunen avslår på grunn av skjøn, t.d. estetikk.

Krav/pålegg: Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, må bli grunnleggjande konkret. Viss det blir vanskeleg å laga ei grunnleggjande i møtet, kan saka t.d. utsetjast.

Helse, omsorg og sosial

Vi *forventar* at kommunane sørger for tilstrekkeleg opplæring av sine tilsette i sakshandsaming og tilhøyrande lovverk innanfor helse-, omsorg - og sosialområdet.

Krav/pålegg: Det er eit krav i helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd at kommunen har ei generell plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigerer verksemda slik at tenestens omfang og innhald er i samsvar med lov og forskrift. Innhaldet i denne plikta er nærare regulert i forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og

omsorgstenesten, kor det mellom anna kjem fram at kommunen må ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, samt sørge for at medarbeidarane i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystemet, jf. §§ 6f og 7b.

Krav/pålegg: Det er eit krav i sosialtenestelova § 6 at kommunen tar ansvar for nødvendig opplæring av kommunens tilsette i arbeids- og velferdsforvaltinga.

«Best for barnet»-vurderingar

Krav/pålegg: I saker som vedkjem barn må kommunane, i si sakshandsaming, kartlegge, vurdere og vektlegge alle tilhøve som sikrar at barnet sitt beste blir oppfylt, jf. Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. Ved barnet sitt beste-vurderingane skal det

takast utgangspunkt i behova og føresetnadene til det enkelte barn.

Internkontroll etter kommunelova

Det er vedtatt ei ny forskrift om internkontroll i kommunelova § 25-1. Forskrifta gjeld i hovudsak for alle sektorar i kommunen, og skal utgjere ein ny heilskapleg regulering av internkontrollkrav med kommuneplikter. Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har ein internkontroll, og at denne skal gjelde administrasjonen si samla verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgd.

Kommunelova § 25-1 erstattar tidlegare forskrift om internkontroll i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelselova, introduksjonslova, og opplæringslova, jf. Prop. 81 L (2019-2020).

2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv

På HMS-området gjeld forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemdar. Heimelsgrunnlaget i høvesvis arbeidsmiljø-, forureinings- og produktkontrolllova er særleg relevant. Det er viktig at kommunen sentralt har planar for tiltak som ikkje kan løysast i den enkelte eininga/verksemda.

Arbeidslivskriminalitet

Det offentlege er ein stor aktør med eit stort samfunnsansvar og som kan påverke andre aktørar i arbeidslivet. For å motverke arbeidslivskriminalitet tilrår vi at kommunane vedtar sine egne seriositetsbestemmingar til bruk i bygge- og anleggskontraktar og ei ordning for praktisk oppfølging og kontroll undervegs i kontraktperioden. Innføring og oppfølging av seriositetsbestemmingar, utvikling av betre kontrollsystem og meir aktiv innsats i leverandørutvikling vil vere viktige tiltak i kommunane.

Å delta i forum eller i nettverk med andre oppdragsgivarar er nyttig for å dele erfaringar og kunnskap. «Medbyggerne» tilbyr arenaer for kunnskapsdeling og eigen applikasjon som hjelpeverktøy for oppfølging og krav til dokumentasjon. Applikasjonen er utvikla av partnarane i samarbeidet og blir tilbode alle Medbyggerkommunar i Vestfold og Telemark.

HMS-oppfølging ved byggeprosjekt der kommunane er byggherre

Oppdragsgivarar, som mellom anna kommunane, har eit ansvar for å sikre utanlandske arbeidstakarar lønns- og arbeidsvilkår som er likeverdige med dei vilkåra norske arbeidstakarar har. Kommunane blir oppmoda til å sørge for at firma som blir nytta har arbeids- og lønnsvilkår i samsvar med norske reglar, og at dette allereie blir tatt opp i kontraktfsasen.

Krav/pålegg: Byggherreforskrifta krev samordning av HMS-arbeidet. Når fleire verksemdar utfører arbeid samstundes på same arbeidsplass, skal det vere ei hovudbedrift som samordnar arbeidet med helse, miljø og trygging (HMS) på arbeidsplassen.

Sjølv om ei hovudbedrift samordnar HMS-arbeidet, har dei enkelte verksemdene like fullt ansvar for eige HMS-arbeid. Dei skal i tillegg òg medverka til samordninga på arbeidsplassen. Les meir om rolla til byggherren og plikter på Arbeidstilsynets nettsider.

HMS-opplæring for leiarar

Opplæring for leiarar er grunnleggjande for å kunne lykkast i HMS-arbeid.

Krav/pålegg: Arbeidsmiljølova § 3-5 pålegg arbeidsgivar å gjennomgå opplæring i helse-, miljø og tryggingarbeid.

Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar skriftleg skal kunne dokumentere ei eller anna form for kvalifisert opplæring. Les på Arbeidstilsynets nettsider om kva HMS-opplæringa skal innehalde.

Psykososiale problemstillingar, vald og truslar

Psykososiale problemstillingar som konflikthandlingar, trakassering og mobbing er risikofaktorar i arbeidslivet, som kan gi alvorlege konsekvensar for helsa til arbeidstakarane. Vald og truslar synest òg å vere ei aukande problemstilling i kommunale einingar.

Krav/pålegg: Kommunen som arbeidsgivar skal sørge for å gi nødvendig opplæring av dei tilsette om konflikthandlingar og vald og truslar.

Kva som blir sett på som «nødvendig» opplæring må vere i tråd med kva som blir vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta arbeidstakarvern og eit fullt forsvarleg

arbeidsmiljø i den enkelte verksemda. Det er arbeidstakar som kan bli utsett for vald og trussel om vald i arbeidet som blir omfatta av kravet til opplæring og øving. Kva arbeidstakarar dette gjeld må vere basert på kartlegginga og risikovurderinga som er gjort etter § 23A-1.

Opplæringa skal sikre at arbeidstakar i utsette stillingar får kjennskap til risikoen for vald og truslar om vald, korleis risikoen blir førebygd, og slik at arbeidstakar blir sett i stand til å forstå korleis vedkommande skal handtere vald og trussel om vald når det faktisk skjer.

Opplæringa må omfatte øvingar for å kunne handtere valds- og trusselsituasjonar, må tilpassast den enkelte verksemda og den aktiviteten som blir utført, inkludert endringar i arbeidet, og må gjentakast regelmessig. Les meir om krav og rettleiing på Arbeidstilsynet sine nettsider, og i Arbeidstilsynet sine kommentarar til regelverket.

Varsling

Lovgiving om varslarar i arbeidsmiljølova stiller krav til meir systematisk bruk av avviksmeldingar og tydelege kommunikasjonskanalar.

Krav/pålegg: Kommunane må sikre at den enkelte verksemda har utarbeidd rutinar i tråd med forskrifta § 2A 1-7.

Med kritikkverdige tilhøve meiner vi tilhøve som er i strid med rettsreglar, skriftlege etiske retningslinjer i verksemda eller etiske normer som det er brei semje om i samfunnet, til dømes tilhøve som kan innebere

- a) fare for liv eller helse
- b) fare for klima eller miljø
- c) korrupsjon eller anna økonomisk kriminalitet
- d) misbruk av mynde
- e) uforsvarleg arbeidsmiljø
- f) brot på personopplysningstryggleiken

2.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane er berebjelken i den nasjonale beredskapen, og har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen.

Signaldokument: [Regjeringens strategi og beredskapsplan for håndteringen av covid-19-pandemien.](#)

Beredskapsplanar

Pandemien har i mange kommunar ført til at oppdatering og revisjon av planverk har blitt nedprioritert. Samstundes har pandemien gitt erfaringar og lærdom som det er viktig å nyttiggjere seg i arbeidet med oppdatering/revisjon av planane.

Krav/pålegg: Kommunane skal evaluere handteringa av koronapandemien og følge opp dei forbetringpunkta som blir avdekka, mellom anna ved oppdatering av ROS-analyser og beredskapsplanar så langt det trengs.

Signaldokument: Forskrift om kommunal beredskapsplikt, §§ 8 og 6

Materiellberedskap

Gjennom dei siste åra er det dokumentert mange tilfelle av mangel på viktige medisinar, og omfanget av slike manglar har auka sterkt.

Krav/pålegg: Kommunane må sikre at dei har lager av og leveranseavtale for nødvendige medisinar og medisinsk forbruksmateriell/smittevernmateriell. På dette området er det gjennom pandemien utarbeidd konkrete krav til omfanget av slik beredskap/slike avtalar.

Signaldokument: Forskrift om beredskapsplanlegging § 8

Personellberedskap

Koronapandemien har vist oss at personell generelt, og ikkje minst personell med den rette kompetansen, er ein kritisk ressurs. Gode og oppdaterte oversikter over reservepersonell vil vere viktig.

Krav/pålegg: Kommunane må sikre at dei har gode kontinuitetsplanar – planar for kva verksemd som kan nedprioriterast i ulike hendingar, og kva for verksemd som er kritisk å oppretthalde og som vil krevje auka tilgang på personell.

Signaldokument: [Rettleiar i kontinuitetsplanlegging.](#) Forskrift om beredskapsplanlegging § 4.

Samfunnsmedisinsk helseberedskap

Pandemien har synleggjort behovet for å ha ein helseberedskap, og ført til at kommunane har styrkt sin smittevernkompetanse monaleg, med auka tilgjenge utover normal arbeidstid til ein tilnærma døgnkontinuerleg beredskap. Samfunnsmedisinsk beredskap omfattar samstundes meir enn smittevern.

Krav/pålegg: Kommunane sin lovpålagte plikt til helseberedskap inkluderar óg ein samfunnsmedisinsk beredskap som skal vere kontinuerleg tilgjengeleg.

Signaldokument: Helseberedskapslova § 2-1, folkehelselova §27 og §28

2.5 Kommuneøkonomi

I den nye kommunelova som trådde i kraft i 2020 er kommunane sitt ansvar for ei langsiktig økonomiforvaltning, understreka. I

St.prp. 46L (2017-2018) legg Kommunal- og distriktsdepartementet til grunn at «reglene om økonomiforvaltningen (..) må ha som

formål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunenes produksjon av velferdstjenester».

Krav/pålegg: Kommunane skal, jf. kommunelova § 14-1, «forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid».

Etter §14-2 og §14-3 skal kommunestyret vedta ein økonomiplan for dei neste fire åra. Kravet i §14-1 inneber likevel at kommunen må planlegge økonomien for ein lengre periode enn fire år.

Dette er openbart viktig ved avgjerder om store investeringar, men óg for å planlegge

og tilpasse drifta til dei behova man kan rekne med at innbyggjarane vil ha utover økonomiplanperioden. Det vil til dømes vere uheldig å planlegge for eit tenestenivå innan ein sektor på kort sikt, som kommunen korkje rimeleg kan anta å ha inntekter til, eller innbyggjarane behov for, på lengre sikt.

Kommunane sin økonomiske planlegging bør derfor strekke seg betydeleg lenger enn dei fire åra økonomiplanen gjelder.

Signaldokument: Kommunelova kapittel 14, Prop. 46L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner, kapittel 20.

2.6 Oppvekst

Sjølv om vi langt på veg har lagt pandemien bak oss, må kommunane framleis strekke seg langt for å kompensere for læringstap mange barn og unge har hatt. Spesielt har dei med utfordringar slitt med konsekvensane av pandemien.

Kommunane er i ferd med å realisere barnevernsreforma. Førebygging og tidleg innsats er sentralt i reforma, og det forventast at dei ulike sektorane evner å samarbeide og samordne seg i laget rundt barna. Ein plan for førebygging av omsorgssvikt skal jobbast fram som eit planmessig verktøy for å nå måla om førebygging og tidleg innsats.

Kommunane skal, i varierende grad, ta imot flykningar frå Ukraina. Mange av barna som kommer har traume som påverkar dei sterkt, og barnehagane og skolane må difor førebu seg på korleis dei møter desse barna når dei kommer.

Sjå [«Nytt til barnehage- og skolestart»](#) (Utdanningsdirektoratet).

2.6.1 Skole

Krav/pålegg: Skoleeigar skal gi elevane opplæring og vurdering i tråd med Kunnskapsløftet 2020.

Skolane må sikre at elevane får synt kompetansen sin på ulike måtar, både undervegs i opplæringa, i standpunktvurderinga og eksamen.

Sidan eksamen skal gjennomførast i eit nytt digitalt system, vil det setje krav til ei god førebuing.

Krav/pålegg: Skoleeigar skal tilby alle barn på [1. trinn gratis SFO i 12 timar](#) kvar veke frå skoleåret 2022-2021. Auka kvalitet skal sikrast med [den nasjonale rammeplanen for SFO](#) som blei innført frå hausten 2021 og det er forventa at tilsette i SFO deltar på kompetanseutviklingstiltak.

Kommunar og fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for at alle skoleeigarar innan 2025 legg til rette for [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis](#) i barnehage og skole. Ut frå erfaring så langt, vil vi utfordre særskilt på det spesialpedagogiske feltet. Dette sett i samanheng med at Statped skal endre si

rolle, og at den enkelte kommune/ fylkeskommune får eit større ansvar for dei vanlegaste utfordringsområda sjølv.

Det er kommunen og fylkeskommunen som er ansvarlege for vaksenopplæringa.

Læreplan i samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak er ei forskrift til integreringslova og gjeld frå 1. august 2021.

Dei modulbasera læreplanane for grunnskole skal setjast i verk frå skoleåret 2023.

Regjeringa tar sikte på å legge fram ei stortingsmelding om ungdomstid og 5.-10.trinn i 2023-2024. Regjeringa vil at ungdomsskolen skal bli meir praktisk og variert. Regjeringa vil ta både elevar og lærarak med i arbeidet, og kunnskapsministeren vil i samband med detta opprette eit nasjonalt elevpanel med elevar frå 5.-10. trinn som ho skal ha faste møte med.

Den nye opplæringslova med forskrifter skal etter planen bli innført frå skolestart 2024. Lovproposisjon med forslag til ny lov er planlagd oversendt Stortinget våren 2023. Med ei ny opplæringslov og endringar i friskolelova, er det òg behov for endringar i forskrifter. Utdanningsdirektoratet planlegg å sende forslaga til forskriftsendringar på høyring i løpet av våren 2023. Direktoratet skal bidra med god støtte når kommunar, fylkeskommunar og skolar skal bli kjent med og innføre den nye lova med forskrifter.

Signaldokument:

- Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
- NOU 2019: 23 ny opplæringslov, og kunnskapsdepartementets forslag til ny opplæringslov (på høyring hausten 2021)

2.6.2 Barnehage

Krav/pålegg: Kommunen skal organisere oppgåvene den har som barnehagemynd

skild frå oppgåvene kommunen har som barnehageeigar når dette er eigna til å vareta tilliten til kommunens upartiskheit som barnehagemynd.

Krav/pålegg: Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne.

Krav/pålegg: Kommunen skal sjå til at barnehageeigar følger opp endringar i barnehagelova når det gjeld nytt kapittel VIII om psykososialt barnehagemiljø.

Utdanningsdirektoratet har i årets tildelingsbrev fått i oppdrag å utarbeide eit forslag til ny forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar. Den skal regulere når det kan gjerast unntak frå kravet om at kvar barnehage skal ha ein styrar.

Signaldokument: Barnehagelova

- Kapittel IV Barnehagemyndighetens oppgaver mv.
- Kapittel VII Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring m.m.
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

2.6.3 Barnevern

Krav/pålegg: Kommunane skal sjå til at barneverntenesta følger opp ny barnevernslov som trer i kraft frå 1. januar 2023.

- Kommunane skal samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar
- Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunens førebyggjande arbeid
- Barneverntenestene skal levere ein tilstandsrapport til kommunens administrative og politiske leiding kvart år
- Barneverntenesta skal rekruttere fosterheim i slekt og nettverk

- Barneverntenesta skal jobbe aktiv for å følge opp barn og foreldre etter plassering i fosterheim eller på institusjon

Krav/pålegg: Kommunen skal sørge for at det gjennomførast tverrfagleg helsekartlegging av barn som vurderast å bli flytta ut av heimen

Signaldokument:

- Ny barnevernlov frå 1.1.2023

- NOU 2020:14 «Ny barnelov — Til barnets beste»
- Prop. 133L (2020-2021)
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/>
- Prop. 222L (2020-2021)
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-222-l-20202021/id2862099/>

2.7 Helse, omsorgs- og sosialtenester

Krav/pålegg: Kommunane skal sørge for tilstrekkelege og forsvarlege tenester innan helse, omsorg - og sosialfeltet.

Vi legg til grunn at krav til nivå og omfang av desse tenestene er kjent frå tidlegare.

Områda nemnt nedanfor er ikkje å sjå som ei komplett liste, men viktige og langsiktige satsingar er framheva.

2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse

Helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming

Vi ber kommunane iverksette føringane i nasjonal rettleiar om «Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming», jf. helse- og omsorgstenestlova og pasient- og brukarrettslova.

Signaldokument: Nasjonal rettleiar: «Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming», publisert av Helsedirektoratet 3. juni 2021.

FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

CRPD er ratifisert, og i Hurdalsplattforma er det vedtatt at konvensjonen skal inkorporerast i norsk lov. Konvensjonen skal bidra til å motverke diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Vi ber kommunane legge vekt på avgjerdene, og at

løysingar som blir vald støttar opp under menneskerettane til personar med nedsett funksjonsevne. Særleg i utforminga av bustadpolitikk (artikkel 19).

Signaldokument: [Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsett funksjonsevne.](#)

Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre (2019- 2023)

Målet med Leve hele livet-reforma er å skape eit meir aldersvenleg Noreg og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene.

Reformperioden er forlenga ut 2024, og forventningane til kommunane er at kommunestyra har vedtatt planar for korleis reforma sine løysingar kan gjennomførast. Det er viktig å sjå arbeid på tvers av sektorar i kommunane, og samstundes involvere innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar.

Det er *forventa* forankring på politisk og administrativt overordna nivå, og kommunar med vedtatte planar for reforma vil bli prioriterte innanfor relevante eksisterande tilskott og eventuelle nye øyremerka ordningar.

Det er *forventa* at kommunane følger opp reformarbeidet vidare i samarbeid med

Statsforvaltaren og resten av det regionale støtteapparatet.

Vi oppmodar kommunane til aktivt å ta del i ulike nettverk og andre arenaer for å dele erfaringar.

Signaldokument: Stortingsmelding nr 15 (2017-2018) Leve hele livet, Helse- og omsorgsdepartementet

Samanheng mellom Leve hele livet og andre nasjonale satsingar

Ei rekkje satsingar, blant anna Kompetanseløft 2025, Demensplan 2025, Pårørandestrategien og Nasjonal ernæringsstrategi for eldre, bygg opp under målsettingane i "Leve hele livet"- reforma. Kommunane må følge opp og sjå dei i samanheng i planlegginga og gjennomføringa si av nasjonale satsingar, stortingsmeldingar, handlingsplanar og strategiar.

Signaldokument:

- Prop. 1 S
- Meld. St. 15 (2017–2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.
- Kompetanseløft 2025
- Demensplan 2025
- Vi – de pårørende. Regjeringens pårørendestrategi og handlingsplan
- Lindrende behandling og omsorg. Vi skal alle dø en dag. Men alle andre dager skal vi leve. Meld. St. 24 (2019-2020)
- Nasjonalt strategi for godt kosthold og ernæring hos eldre i sykehjem og som mottar hjemmetjenester
- Nasjonalt helse og sykehusplan 2020-2023. Meld. St. 7 (2019-2020)
- Handlingsplan for allmennlegetjenesten. Attraktiv, kvalitetssikker og teambasert 2020-2024
- Nasjonalt handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring 2019-2023
- Velferdsteknologiprogrammet

- Folkehelsemeldinga – Gode liv i et trygt samfunn Meld. St. 19 (2018-2019)
- Frivillighetserklæringen – erklæring for samspillet mellom regjeringen og frivillig sektor
- Nasjonalt strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet 2015-2020
- Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029
- Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken Alle trenger et trygt hjem (2021 –2024)

Helsefelleskap

Vi *forventar* at kommunane held fram i arbeidet med å utvikle tenestene retta mot dei fire prioriterte pasientgruppene i helsefelleskapa:

1. Barn og unge
2. Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem
3. Skrøpelege eldre
4. Personar med fleire kroniske lidningar

Krav/ pålegg: Kommunar og helseføretak må avtale konkret korleis dei saman skal planlegge og utvikle tenester. Helse- og omsorgstenestelova § 6-2, nytt punkt 12. Lovkravet trer i kraft 01.08.22.

Signaldokument: Meld. St. 7 (2019-2020) Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023.

Barnekoordinator

Retten til barnekoordinator gjeld for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Barnekoordinator skal koordinere det samla tenestetilbodet rundt familien og bidra aktivt for å vareta ansvaret kommunen har for oppfølging og tilrettelegging for familien. Barnekoordinator skal sørge for at familien og barnet får nødvendig informasjon og rettleiing om dei aktuelle velferdstenestene,

og formidle kontakt og tilvise til velferdstenester der det er nødvendig.

Krav/pålegg: Dersom det er oppnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova § 7-2a, skal barnekoordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet. Lovkravet trer i kraft 01.08.22.

Tolk

Nytt lovkrav i tolkeloven om bruk av tolk trådte i kraft 01.01.22. Vi *forventar* at kommunane gjer seg kjend med dei nye føringane, og ser til at tilsette får opplæring i rett bruk av tolk i helse- og omsorgstenester, og at det sikrast tilgang på tolketenester av god kvalitet.

Signaldokument: [Tolkelova](#), [veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse og omsorgstjenestene](#), [NOU 2014:8 Tolking i offentlig sektor](#)

Krav til kompetanse og kvalitet

Vi oppmodar kommunane til å halde fram arbeidet med kartlegging av behov for kompetanse og kapasitet, og legg vekt på arbeidet med strategisk kompetanseplanlegging for å sikre forsvarleg kvalitet i tenestene på helse- og omsorgsområdet. Kommunens planar *bør* bygge på relevant statistikk og framskrivingar, herunder Demenskart.no i arbeidet. Helsedirektoratet peikar på at heiltidskultur er viktig, og at det *bør* lysast ut mest mogleg 100% stillingar både for å auka kvalitet i tenestene og for å rekruttera og halde på helsepersonell.

Krav/pålegg: Det følger av helse- og omsorgstenestelova § 4-1 at tenestene skal vere forsvarlege, jf. § 4-2 om kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik og forskrift om leiing og kvalitetsbetring i helse- og omsorgstenesta

Rehabilitering og habilitering

Vi *forventar* at kommunane arbeider med å sikre nødvendig kompetanse og kapasitet, og etablerer differensierte tilbod innan habilitering og rehabilitering som tar hand

om heile bredda av målgrupper. Kommunane skal sikre nødvendig rehabilitering til pasientar med Covid-19.

Signaldokument: Nasjonal rettleiar for koronavirus, kap. 11, [nasjonal rettleiar for rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator](#)

Folkehelse

Langsiktig, systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid er viktig for innbyggjarane si helse og trivsel. Godt folkehelsearbeid startar med å ha oversyn over befolkninga si helsetilstand og tilhøve som påverkar helsa. Det er krav til kommunane om å ha kontinuerleg oversyn over desse faktorane.

Krav/pålegg: Kommunen skal ha rutinar som sikrar at folkehelseoversikta er tilgjengeleg, og blir nytta som grunnlag i all kommunal planlegging.

Det miljøretta helsevernet skal vere ein del av det lokale folkehelsearbeidet. Barnehagar og skoler skal vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar m.v.

Signaldokument: §§ 5-7 og kap. 3. Forskrift om oversyn over folkehelsa, § 4.

Rus og psykisk helse

Krav/pålegg: § 3-9 b i helse- og omsorgstenestelova pålegg kommunane å ha ei rådgivande eining for russaker.

Kommunane skal ha ei rådgjevande eining for russaker. Helsedirektoratet vil sende ut rettleiande materiell før lova trer i kraft, jf. Helsedirektoratets brev til kommunane datert 22.04.2022.

Legar og fastlegeordninga

Krav/pålegg: Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige allmennlegetenester, og skal organisera fastlegeordninga.

Kommunen skal sørge for at personar som ønsker det skal få tilbod om plass på fastlegelista si.

Vi *forventar* at kommunane prioriterer å møta utfordringane i allmennlegetenestene. Det *bør* jobbast strategisk og målretta for å sikre tilgjengelege allmennlegetenester til befolkninga gjennom fastlegeordninga.

Kommunane *bør* gjere seg kjend med Allmennlegar i spesialisering (ALIS)-ordninga og vurderer om ho kan vere eit tiltak for å styrka rekrutteringa og halde legar i kommunen.

Det krevst at kommunane sikrar at legar som tiltrer stillingar i kommunen som yt helsehjelp etter helse- og omsorgstenestelova enten er «godkjent allmennlege», er spesialist i allmennmedisin, eller er under spesialisering i allmennmedisin. Vi *forventar* at kommunane i minst mogleg grad nyttar unntaksbestemminga knytt til eitt års vikariat og knytt til koronavirusutbrotet.

Signaldokument: Helse- og omsorgstenestelova § 3-2. Fastlegeforskrifta §§ 3 og 4, Handlingsplan for allmennlegetenesta 2020-2024 og Forskrift om kompetansekrav for legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta §§ 3 og 4.

Legevakt

Krav/pålegg: Legevaktsentralar skal overhalde krav til tilgjenge og svartider, og personell i legevakt skal få adekvat opplæring i bruk av nødnett.

Vi *forventar* at kommunane sikrar at kompetansekrav, opplæring, tilgjengeleg, og krav til svartider etterlevast på den enkelte legevakta.

Krav/pålegg: Kommunane skal planlegge opplæring for alle legar i vakt og som skal ha grunnkompetanse etter akuttmedisinforskrifta, og opplæring for andre helsepersonell i legevakt.

Krav til kurs i akuttmedisin og valds- og overgrepshandtering for alt helsepersonell i legevakt skal vera oppfylt innan 1.1.2023.

Signaldokument: Akuttmedisinforskrifta §§ 4, 7 og 8 og Nasjonal rettleiar legevakt og legevaktsentral frå Helsedirektoratet.

Vald og overgrep

Vi *forventar* at kommunane utarbeider en handlingsplan for førebygging av vald, og at dei vurderer å ta i bruk TryggEst-modellen.

Krav/pålegg: Det står i helse- og omsorgstenestelova § 3-3 a at kommunane skal ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan være utsette for, eller kan stå i fare for å bli utsette for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstenestene blir i stand til å førebygge, avdekke og hindre vald og seksuelle overgrep.

2.7.2 Sosiale tenester i NAV

Tilgjengelege tenester

Sosialtenestelova er samfunnet sitt siste tryggingnett, og skal ivareta dei som er i ein vanskeleg livssituasjon. Ikkje alle brukarar er digitale og dette må NAV-kontora ta omsyn til ved alle typar søknadar, og spesielt ved søknadar om naudhjelp.

Samtale med søkjarar er viktig når kommunen skal kartlegge behovet for tenester og gjere individuelle vurderingar i kvar enkelt sak.

Det må vere mogleg å møte opp fysisk ved NAV-kontoret, både med og utan avtale. Det må også vere mogleg å kome raskt i kontakt med NAV-kontoret på telefonen når situasjonen krev det.

Krav/pålegg: Det følger av sosialtenestelova § 4 at dei individuelle tenestene til brukarane skal vere forsvarlege.

Barn og unge

Kommunen må rette ein særskild merksemd mot barn og unge som veks opp i sosialt og økonomisk vanskelegstilte familiar.

Kommunen må sørge for at barneperspektivet systematisk blir ivaretatt i NAV-kontoret.

Krav/pålegg: Det følger av føremålet i sosialtenestelova § 1 at NAV må legge til rette for eit samordna tenestetilbod mellom NAV-kontoret og andre instansar.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel for menneske som treng tett og individuell tilrettelegging for å kome inn i arbeidslivet. Kommunen skal sørge for at NAV-kontoret gir tilbod om program for brukarar som fyller vilkåra.

Krav/pålegg: Det følger av sosialtenestelova § 29 at brukarar som fyller vilkåra har rett til program.

Signaldokument:

- Sosialtenestelova
- Rundskriv R35-00 til lov om sosiale tenester

2.7.3 Husbanken

I den nasjonale strategien Alle trenger et trygt hjem (2021–2024), er det løfta fram tre prioriteringar som Husbanken skal støtte opp om i strategiperioden:

- **Ingen skal vere bustadslause**

Husbanken skal følge opp og samarbeida tett med kommunar med mange bustadslause.

- **Barn og unge skal ha gode butilhøve**

Husbanken skal gjennom verkemidla sine og fagleg støtte til kommunane, bidra til at fleire barn og unge bur godt.

- **Personar med funksjonsnedsetjingar skal på lik line med andre kunne velje kvar og korleis dei bur**

Husbanken skal gjennom verkemidla sine og fagleg støtte til kommunane, bidra til at fleire utviklingshemma kan eiga eigen bustad.

Husbanken har ei forventning om at alle kommunar tar opp startlån, som dei kan låna ut til innbyggjarar som treng ein god og trygg heim i eit godt bumiljø over tid. Det blir *forventa* at kommunane har eit tverrfagleg samarbeid slik at dei som jobbar med vanskelegstilte kjenner til ordninga med startlån (til dømes dei som jobbar innanfor barnevern, rus og psykisk helse, personar med nedsett funksjonsevne og eldre).

Signaldokument:

- Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken Alle trenger et trygt hjem (2021 –20)

2.8 Integrering

Krav/pålegg: [Kommunen](#) skal ta i bruk ny lov om [integrering gjennom opplæring og arbeid \(integreringslova\)](#), som gjeld frå 1. januar 2021. Ny integreringslov inneheld forskrifter om ansvaret til kommunane og fylkeskommunane, om tidleg kvalifisering, introduksjonsprogram og om opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Den nye lova har tydelegare krav til flyktningane og til kommunane, som har ansvaret for å gi nye flyktningar som nyleg har kome hit [norskopplæring, utdanning eller kvalifiseringa](#) dei treng. For å gi eit meir tilpassa tilbod til innvandarane, skal deltakarene kunne vere i introduksjonsprogrammet [mellom tre månadar og fire år](#). Ungdom under 25 år

som [ikkje har fullført vidaregående opplæring](#) skal inn i ordinær utdanning, som ein del av deira introduksjonsprogram.

Krav/pålegg: Fylkeskommunen skal [ha ansvar for](#) å tilrå kor mange flyktingar som *bør* busettast i kommunane i fylket. Fylka må lage planar for kvalifisering av innvandrarar og sørge for et tilbod om karriererettleiing.

For personar som er i gang med introduksjonsprogrammet, eller har fått opphaldsløyve før 1. januar 2021, gjeld framleis [introduksjonslova](#) frå 2003.

2.9 Utsette barn og familiar

Krav/pålegg: Dei nye [lovendringane](#) i velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator) vart vedtatt i juni 2021. Lova trer i kraft frå 01.08.2022.

Føremålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiare deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Kommunane skal sørge for harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ein samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester, innføring av ein rett til barnekoordinator, og dessutan utviding av ordninga til helse- og omsorgstenesta med lovpålagte samarbeidsavtalar.

Dei nye krava gjeld for helse- og omsorgstenestelova, spesialisthelsetenestelova, psykisk helsevernslova, tannhelsetenestelova, pasient- og brukarrettslova, barnevernslova, barnehagelova, opplæringslova, friskolelova, sosialtenestelova, NAV-lova, krisesenterlova, familievernkontorlova og integreringslova. Lovendringane trådte i kraft 1. januar 2022.

Krav/pålegg: [Kommunane](#) skal sørge for å ha eit godt samarbeid om tenester som er

Signaldokument:

- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)
- Forskrift til integreringslova (integreringsfokriffta)
- Introduksjonsloven
- Prop. 107 L (2021–2022): Midlertidige endringer i lovverket som følge av ankomst av fordrevne fra Ukraina.

retta mot utsette barn og familiar, arbeidet må vere samordna og godt koordinert.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at tilsette som arbeider med barn og unge har generell kunnskap om vern- og risikofaktorar og teikn og signal, slik at dei tidleg kan identifisera dei som lever i ein risikosituasjon. Leiinga i kommunen *bør* sørge for at relevante verksemdar der tilsette møte barn og unge i det daglege arbeidet sitt har rutinar for korleis dei tilsette kan handla på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge. Leiinga i kommunen *bør* sikre at dei verksemdene som arbeider med barn, unge og foreldra deira i det daglege arbeidet sitt, har avtalar om samarbeid på systemnivå som sikrar oppfølging av involverte barn og unge.

Krav/pålegg: Kommunane må ha nok og relevant [kunnskap](#) om god praksis, relevante verktoy og [tiltak](#) når det gjeld tverrsektorielt arbeid mot [fattigdom i barnefamiljar](#).

Signaldokument:

- Prop. 100 L (2020–2021) Endringar i velferdstjenestelovgivingen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)
- Nasjonal fagleg retningsline - Tidleg oppdaging av utsette barn og unge

2.10 Miljø

2.10.1 Natur

Aldri tidelegare har tap av artar gått i eit raskare tempo enn no. Vi *forventar* at kommunane arbeider for å motverke denne utviklinga, slik at vi òg i framtida har velfungerande økosystem som leverer tenester for komande generasjonar. Det er fem menneskeskapte hovudgrunnar til det raske tapet av biologisk mangfald (i rangert rekkefølge): Endra arealbruk, direkte utnytting av organismar, klimaendringar, forureining og spreing av framande, skadelege artar.

Vi *forventar* at kommunane gjennom arealforvaltninga aktivt forebygger tap av biologisk mangfald og nedbygging av artars leveområde. Sjå kap. 2.12.5.

Signaldokument: Naturmangfaldslova §§ 8-12, Vassressurslova § 11, Veileder for kantsone langs vassdrag (NVE veileder nr 2-2019), Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, Handlingsplan mot skadelige fremmede artar i Vestfold og Telemark (sept. 2020), Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold.

Villrein

Der er gjennomført ein fyrste klassifisering av nasjonale villreinområde etter kvalitetsnormen for villrein, og resultatata visar at det er store utfordringar for villreinen i våre område. Kvalitetsnormen for villrein er fastsett av regjeringa ved kongeleg resolusjon, med heimel i naturmangfaldlova. Normen skal sikre god nok kvalitet for villreinbestanda, altså at tilstanden og livsvilkåra for bestanda når eit visst nivå. I Vestfold og Telemark er det to villreinområde som kjem ut som «ikkje godkjent» (rød) etter normen.

Vi *forventar* at aktuelle kommunar gjennom arealforvaltninga aktivt tar omsyn til villrein og forebygger negative verknadar på villrein.

Signaldokument: NINA Rapport 2126; Klassifisering av dei ti nasjonale

villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein

Bevaring av verdifull natur i medhald av naturvernlova – supplerande vern

Områda som no skal vurderast og utgreiast for vern, skal bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur. Områda som blir foreslått verna skal òg bidra til å danne økologiske nettverk og gjere norsk natur motstandsdyktig mot dei negative effektane av klimaendringar. Kommunane skal involverast i utval av kandidatområde før det startast formelle verneplanprosessar, og skal gis høve til å foreslå alternative område. Målet med dette er å finne fram til kandidatområde for vern av verdifull natur som det kan vere lokal oppslutning om.

Det er *forventa* at kommunane bidrar aktivt til å finne gode kandidatområde for supplerande vern.

Signaldokument: Oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet (KLD) til miljødirektoratet av 2. juli 2020. Oppdragsbrev frå miljødirektoratet til Statsforvaltaren av 4. januar 2022. Naturmangfaldlovas kap. V. Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold.

2.10.2 Forureining

Kommunen har fleire myndigheitsområde og pliktar etter forureiningslova med underliggende forskrifter, mellom anna innan avløp, avfall, forureina luft og grunn.

Miljødirektoratet har ansvar for å gi kommunane ein heilskapleg, nettbasert rettleiingsteneste på miljøområdet. Vegvisaren i kommunal planlegging og miljøforvaltning finst på nettstaden www.miljodirektoratet.no

Avløp

Krav/pålegg: Alle avløpsanlegg i den enkelte kommune skal oppfylle reinsekrav i forureiningsforskrifta slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nås innan 2027, og seinast innan 2033.

Det går fram av dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdatering av de regionale vassforvaltingsplanane, frå Klima- og miljødepartementet av 19. mars 2019.

Kommunane skal sikre at utslepp frå avløpsanlegg for spreidde bygnader og mindre tettstader reinsast i tråd med reinsekrava i forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 og må styrke innsatsen med tilsyn og oppfølging av krav i løyve til utslepp av avløpsvatn.

Kommunane må ha oversikt over tettstadene. Det er størrelsen på tettstaden som avgjer kven som er forureiningsmyndigheit. Størrelsen på tettstaden avgjer og minstekrava til reinsing og analyse- og rapporteringskrav.

Det er *forventa* at kommunane planlegg og legg til rette for tiltak på avløpsnettet som avgrensar forureiningar på avvege og reduserer mengd av framandvatn til reinseanlegga. Det er *forventa* at kommunen tar aktivt stilling til løyve ved påslepp av prosessvatn frå verksemder.

Statsforvaltaren vil halde fram arbeidet med fornying av løyva for aktuelle reinseanlegg og *forventar* samarbeid med kommunane om dette. Det blir lagt opp til at anlegg omfatta av forureiningsforskrifta kap. 14 der sekundærreinsetrinn ikkje er etablert, skal ha dette på plass seinast innan 2027.

“Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden” syner at fleire område av Oslofjorden har for stor tilførsel av nitrogen. Tilførslene kjem hovudsakeleg frå jordbruk og avløp i Noreg, og ikkje frå langtransport som tidlegare antatt. Reinsing av nitrogen ved avløpsreinseanlegga er eit av tiltaka som skal gjennomførast for å betre situasjonen i Oslofjorden. Det blir konkludert med at det snarast mogeleg må setjast inn tiltak for å redusere tilførsler av nitrogen til fjorden, mellom anna frå avløp. Dette nye kunnskapsgrunnlaget vil være viktig ved sakshandsaming av fornya eller nye løyve etter forureiningsforskrifta kap. 14.

Signaldokument: Forureiningsforskrifta kap. 11, 12, 13 og 14, Forureiningsforskrifta kap. 15A, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden, Regional plan for vassforvaltning 2022-27.

2.10.3 Vassforvaltning

Regional vassforvaltingsplan for Vestfold og Telemark vassregion for perioden 2022-2027 er vedtatt av fylkestinget (og ligg til godkjenning i departementa).

Vi *forventar* at kommunane aktivt tar i bruk sine verkemidlar til å følge opp planen og bidra til forbetra vasskvalitet. Dette gjeld særleg innan vass- og avløp, landbruk og arealplanlegging. Det er frå nasjonalt hald sett merksemd på betring av tilhøva kring Oslofjorden.

Signaldokument: Vassforskrifta, Regional plan for vassforvaltning 2022-27, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden.

2.11 Landbruk

2.11.1 Berekraftig eideomsforvaltning

Kommunen har ei sentral rolle i arbeidet for ein heilskapleg bu- og bygdepolitikk.

Vi *forventar* at kommunen vurderer pris i konsesjonssaker i tråd med departementet sitt rundskriv.

Signaldokument: Lov om jord og konsesjonslova, Landbruks- og matdepartementets rundskriv M-1/2021, M-2/2021, M-3/2002 og M-35/1995.

2.11.2 Tilskotsforvaltning og kontroll

Kommunen forvaltar ei rekke økonomiske verkemidlar på vegne av staten. Sakshandsaminga i kommunane skal sikre likebehandling og rettstryggleik i tilskotstildelinga, og at tildelinga skjer i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er kommunane sitt ansvar å utføre forvaltingsoppgåver på ein forsvarleg måte, og etablera system og rutinar med innebygd internkontroll. Vi oppmodar til å bruke kommunen sitt eige internkontrollsystem for å sikre at internkontrollen er dokumentert, at den er kjent for organisasjonen og for å ha eit system for oppdatering.

Krav/pålegg: Det er eit krav at forvaltninga av tilskot gjerast på ei forsvarleg måte og at det blir etablert internkontroll.

I Statsforvaltaren sine forvaltingskontrollar med kommunane vil internkontrollsystem ha stor merksemd. Vi *forventar* at eit slikt system er på plass for dei ulike tilskotsordningane som kommunen er sett til å forvalte på vegne av staten.

Signaldokument: Økonomireglementet §§ 14 og 15.

2.11.3 Næringsutvikling

Kommunen skal mobilisere til næringsutvikling i landbruket. Regionalt næringsprogram for landbruket i Vestfold og Telemark 2019-2022 (RNP 2019-2022) legg dei lokale og regionale føringane. I tillegg har vi stortingsmeldingane og dei nasjonale strategiane.

Statsforvaltaren ønsker å støtte kommunane sitt arbeid med næringsutvikling. Kommunane har brei lokalkunnskap samstundes som dei og har ansvar for tilskotsordningane.

Signaldokument:

- Meld. St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon
- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 31 (2014-2015) Garden som ressurs – marknaden som mål
- Regjeringens bioøkonomistrategi - Kjente ressurser uante muligheter
- Opplevingar for ein kvar smak – strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar
- Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018-2030
- Dyrk byer og tettsteder: Nasjonal strategi for urbant landbruk
- Strategi: Matnasjonen Norge
- Nasjonal Reiselivsstrategi 2030
- Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi
- Mål med mening; Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030
- Grøntsektoren mot 2035, Rapport fra rådgivende utvalg for innovasjon, vekst og økt norskandel i grøntsektoren

2.11.4 Skogskadar

Sidan sommaren 2018 har granskogen i vårt fylke vore stressa av tørke, og skogen har svekka motstandskraft. Sør og aust i fylket har granborkbiller drepe mykje skog dei siste fire åra, og granborkbillebestanden er

aukande. Etter stormen i november 2021 ligg det framleis mykje vindfelt granskog i terrenget, og slik skadd skog er ynglestad for granborkbillene. Det er såleis fare for at borkbilleangrepa skal spreie seg vestover og nordover i fylket. Det er derfor særst viktig at kommunane følger med på situasjonen og bidra til å skaffe oversikt over skadane. Samarbeidet mellom kommunane, skogeigarane, tømmerkjøparane, NIBIO og Statsforvaltaren er avgjerande for at ein klarar å prioritere hogst og anna

2.12 Arealdisponering

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal sjå til at den kommunale arealforvaltinga ikkje er i strid med nasjonale og vesentlege regionale interesser innan miljøvern, landbruk, samfunnstryggleik, helse og sosial og barn og unges interesser. Dei nasjonale interessene kjem fram av lover, forskrifter og statlege retningslinjer.

Vi minner om at Statsforvaltaren òg forvaltar motsegnretten etter plan- og bygningslova for å ivareta nasjonale omsyn i gravplasslova med forskrift. Kommunane *bør* legge til rette for at Statsforvaltaren som regional gravplassmynde blir gitt høve til å uttale seg til arealplanar som omfattar gravplassar eller ligg i umiddelbar nærleik til gravplassar.

2.12.1 Jordvern i arealplanlegginga

Stortinget har slått fast at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må være under 3000 dekar og målet skal nås gradvis innan 2025. Vestfold og Telemark har 7,3 % av landets dyrka mark. Dersom Vestfold og Telemark skal ta sin del av målet på 3000 dekar, vil det seie at den årlege omdisponeringa må være på 220 dekar eller

skadeførebyggande aktivitet til dei områda der dei vil ha størst effekt. Det er viktig både for å redde verdiar, sørge for sikker virkesforsyning til industrien og forebygge at skadeomfanget aukar.


Vi *forventar* at kommunane overvaker skogskadar.

Signaldokument: Forskrift om berekraftig skogbruk, Faglig beredskapsplan for stor granborkbille.

mindre. Fordi størstedelen av den dyrka jorda i fylket ligg i beste klimasone, må vi vere særst varsame med å omdisponere. Dei førebelse KOSTRA- tala for 2021 syner at det vart omdisponert 208 dekar dyrka og dyrkbar jord. Av dette var 145 dekar dyrka jord.

Gjenbruk av allereie nedbygd areal og effektiv bruk av areala er viktig for å redusere omdisponering av ubebygd areal. Jordvernet er løfta fram som ein nasjonal interesse i planlegginga. Regjeringa har vedtatt at det skal vere eit overordna omsyn i arealforvaltinga å unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Grunngevinga er målet om å auke sjølvberginga og auka matberedskap. I brevet frå statsrådene for LMD og KDD av 23.03.22 er budskapet at matjorda må takast vare på.

Krav/pålegg: Kommunane har eit ansvar for å følge opp målet om vern av dyrka og dyrkbar jord.



Figur: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i Vestfold og Telemark. Kjelde: SSB KOSTRA (frå 2005) og Fylkesmannen si landbruksavdeling (1991-2004).

Ein viktig del av arbeidet med jordvern, er å følge opp driveplikta på jordbruksareala. Satsinga "Areal som kan vere ute av drift», kan vere til god hjelp i dette arbeidet. Målet er at kommunane brukar verktøyet i si oppfølging av driveplikta i det daglege, også etter prosjektperioden.

Signaldokument:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023
- Jordbruksmeldingen Meld. St. 11 (2016-2017)
- Nasjonal jordvernstrategi, Prop. 127 S (2014-2015), oppdatert 2018, jf. Prop. 1 S (2018-2019) (LMD) vedlegg 1. Oppdatert 2021, jf Prop. 200 S (2021-2021)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (SPR-BATP) (2014)
- Brev frå landbruks- og matministeren til fylkesmennene 1. oktober 2018 – *Nasjonal og vesentlig*

nasjonal regional interesse innenfor jordvern

- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal- og moderniseringsministeren til kommunane og fylkeskommunane av 8. januar 2021 - *Jordvern og FNs bærekraftsmål*
- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal og distriktsministeren til kommunane og fylkeskommunane av 23. mars 2022 - *Ta vare på matjorda*
- Prosjektside med informasjon og prosjektskildring: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/areal-ute-av-drift/>
- Temaside om driveplikt: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/matjord-jordvern-og-driveplikt/>

2.12.2 Strandsone i arealplanlegginga

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen tydeleggjer nasjonal arealpolitikk. Kystkommunane i Vestfold og Telemark har høgt utbyggingspress, og ligg i den strengaste sona. Det inneber at dispensasjon berre kan innvilgast der fordelane ved tiltaka er klart større enn ulempene for dei allmenne interessene.

Krav/pålegg: Kommunane skal handheve byggeforbodet i 100-metersbeltet strengt. Byggeforbodet gjeld også i byggeområde, dersom det ikkje er fastsett anna byggegrense i plan.

Signaldokument: Plan- og bygningslova § 1-8, Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)

2.12.3 Klima i arealplanlegginga

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som stør opp under etablert sentrums- og tettstadsstruktur, er viktig for å redusere transportbehovet, og for å legge til rette for auka gonge, sykling og kollektivbruk. Ved revisjon av kommuneplanen er det viktig å ta ein gjennomgang av tidlegare planlagde område som enno ikkje er tatt i bruk, og sjå om desse er i tråd med dagens målsettingar.

Krav/pålegg: Kommunen må styre mot at vi skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Klima må bli ein integrert del av arbeidet til kommunen.

Statsforvaltaren *rår* til at kommunane utarbeidar klimabudsjett og klimarekneskap for å følge opp målsettingane.

Klimaet er i endring. Vi må ta høgde for meir nedbør, kraftigare nedbør, hyppigare flaumar og skred, og meir vind.

Krav/pålegg: Kommuneplanens arealdel må nyttast aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som ivaretar omsynet til eit

klima i endring. Det må mellom anna vurderast om byggeområde kan bli meir utsett for flaum eller skred. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering.

Signaldokument: Plan- og bygningslova § 4-3, Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014), Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019)

2.12.4 Forureining i arealplanlegginga

Krav/pålegg: Ulike former for forureining må handsamast gjennom arealplanlegging og førebyggjande tiltak. Dette gjeld mellom anna støy, luftforureining, forureina grunn og avløp.

Utandørs støy er eit plantema som skal vere avklart før byggesaksnivå. Det inneber at det gjennom arealplanlegging må sikrast at grenseverdiane for støy ikkje blir overskrida for planlagd arealbruk. I støyutsette område må det føreligge ei støyfagleg utgreiing ved offentleg ettersyn av planforslag, som er følgd opp i plankart og forskrifter.

På same måte må luftforureining kartleggast og takast omsyn til i planlegginga. Anbefalte grenser for luftforureining skal leggjast til grunn ved planlegging av ny utbygging, og kommunane i samarbeid med anleggseigarar skal kartlegge luftkvaliteten ved utarbeiding av overordna planar.

Arealplanar må registrere og ta omsyn til fareområde med forureina grunn eller mistanke om dette. Dette gjeld òg for nedlagte deponi der det kan være deponert biologisk nedbrytbart materiale. Myndighetene *rår* mot å bygge på gamle avfallsdeponi eller i randsona til desse, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1780/2020. Område med forureina grunn og nedlagte deponi skal gå fram av planen. Ved ny

arealbruk i slike område bør området vere undersøkt og risikovurdert i samband med planprosessen, som tema i ROS-analysen. Kommunen er ansvarleg mynde etter forureiningsforskrifta kap. 2.

Statsforvaltaren *forventar* at kommunen har ein plan for handteringa av overskotsmassar. Kommunen må vurdere om det er eit behov for å avsetje område til lagring av overskotsmassar i arealplanar.

Det er krav om tilkopling av avløp på kommunalt nett, dersom dette finst i nærleiken. For større feltutbyggingar som skal koplast til eksisterande avløpsanlegg, må planforslaget vise størrelsen på utvidinga (i personekvivalentar), kapasiteten og teknisk tilstand til avløpsnett nedstrøms.

Signaldokument: Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520/2012, Forureiningslova §§7, 28, Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 2, 11, 13 og 14, Forskrift om ramme for vannforvaltningen (vassforskrifta), Miljødirektoratet sin rettleiar M-1780/2020, Plan – og bygningslova § 20-1 første ledd, bokstav a og j.

2.12.5 Naturmangfald i arealplanlegging

FNs naturpanel slår fast at omdisponering av areal er den viktigaste årsaka til tap av naturmangfald. Berre ein femdel av Noregs areal er verna gjennom naturmangfaldslova. Plan- og bygningslova regulerer bruk og vern av størstedelen av norsk natur. Plan- og bygningslova er derfor særskild viktig for å ta vare på natur.

Krav/pålegg: Naturmangfaldslova og stadfesta informasjon om naturmangfald i Miljødirektoratets naturbase og Artsdatabankens artskart skal leggest til grunn i all kommunal plan- og byggesakshandsaming som får verknad for

natur. Nye utgreiingar av naturmangfald skal gjerast etter NiN-metoden (Natur i Noreg, Miljødirektoratets kartleggingsinstruks).

Signaldokument: Naturmangfaldslova §§ 4-14, 23-24, 52-56, Veileder til kap. II i naturmangfaldslova, Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold, Miljødirektoratets Veileder for kartlegging av naturtyper på land

2.12.6 Kunnskapsgrunnlag i arealplanlegging

Det offentlege kartgrunnlaget (DOK), som inneheld både matrikkelen og basiskarta i samen med plankartet, skal nyttas som grunnlag for avgjerder. Dette er særskild viktig i all arealdisponering.

For å nå måla om heildigital saksbehandling med straumlinjeforma prosessar, må grunnlaget vere oppdatert og ha riktig kvalitet. Kommunen må sørge for å følge opp arbeidet med matrikkelen for å nå måla i kvalitetsstrategien.

Se elles informasjon på Kartverkets nettside om datakvalitet i matrikkelen:

<https://www.kartverket.no/eiendom/lokal-matrikkelmyndighet/datakvalitet>

Signaldokument: Plan og bygningslova § 2-1.

2.13 Samferdsel

Etter 1. januar 2020 ble ordninga kalla «sams vegadministrasjon» avslutta. Dette inneberer at Statens vegvesen ikkje lenger skal handtere fylkesvegane på vegne av fylkeskommunane.

Enkelte kommunar har tolka dette slik at Vegvesenet nå berre skal ha oversendt arealplanar utarbeidd etter plan- og bygningslova til uttale dersom planen omfattar eller ligg inntil ein riksveg. Dette er ikkje riktig.

Krav/pålegg: Kommunane er forplikta til å sende alle kommuneplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar med vidare til Vegvesenet til uttale. Dette fordi Vegvesenet

har fått eit sektoransvar for samferdsel generelt og trafikktryggleik og kollektiv spesielt for heile vegnettet i Norge. § 5-2 i plan- og bygningslova er tydeleg på at alle planer skal sendes på høyring til alle statlege myndigheiter som har interesser i planen.

Vegvesenet har nå laga ein vegleiing som syner kva som blir lagt vekt på når Vegvesenet uttalar seg til arealplanar: Handbok V744: Nasjonale og regionale interesser innanfor Statens vegvesens ansvarsområde – «Nasjonale interesser Statens vegvesen skal ivareta i arealplanleggingen og bruk av innsigelse». Handboka finn ein på www.vegvesen.no under fag-publikasjonar-handbøker.

2.14 Gravplass

Gravplassmynde i kommunen er kyrkjeleg fellesråd eller sokneråd i kommunar med eit sokn. Etter søknad frå kommunen kan Statsforvaltaren fastsetje at ansvaret som lokal gravplassmynde etter lova skal ligge til kommunen.

Krav/pålegg: I alle kommunane skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ein kvar tid er ledige graver for minst 3 prosent av befolkninga i kommunen.

Krav/pålegg: Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplassmynden, regulere slikt areal etter [kapittel 12](#) i [lov 27. juni 2008 nr. 71](#) om planlegging og byggesakshandsaming ([plan- og bygningslova](#)).

Kommunen har det økonomiske ansvaret for dei offentlege gravplassane i kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tenester i staden for å gi tilskot. Kommunen skal òg fastsetje avgifter for gravplass, kremasjon og gravferd, etter forslag frå gravplassmynden.

Kommunen treffer nødvendig avgjerd der det er usemje om kven som skal sørge for ei gravferd. Den som sørger for gravferda skal bli gitt høve til å vere ansvarleg for grava, med mindre nokon etterlatte skriftleg krev spørsmålet avgjort av kommunen.

Avgjerdsmakta i desse to tilfella ligg i utgangspunktet hos kommunestyret, men mynden kan og *bør* delegerast i delegeringsreglementet. Kommunen skal òg sørge for gravferda dersom det ikkje er nokon attlevande som gjer det. Det *bør* avklarast på førehand kven i kommunen som skal utføre desse oppgåvene.

I arbeidet til kommunane med beredskapsplanar *bør* det takast inn tilhøve knytt til handtering, transport, oppbevaring, kremering og gravlegging av eit større tal avdøde, til dømes som følge av ein pandemi.

Signaldokument: Gravplasslova, gravplassforskrifta, rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslov.

3 Dialog og samarbeid

Kommunedialogen er heilt sentral i virket til embetet. Møta mellom Statsforvaltaren og kommunane er viktige for å fremme statlege signal, men like mykje for å få kommunane sine tilbakemeldingar, som vi så kan ta vidare til departement og direktorat.

Kommunedialog

Kommunedialogen i 2023 skal skje på både digitale og fysiske arenaer. Vi vil halde fram med månadlege videomøte med ordførarar, kommunedirektørar og aktuelle fagpersonar, tre til fire fysiske temamøte i året med same målgruppe, kommunesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen ein gong kvar valperiode, og elles ved behov, tilbod om folkevaltopplæring om ulike tema og oppfølging av regionråda i Telemark, både som politiske organ og som tenestefellesskap. I tillegg kjem utstrekt kontakt og dialog på fagnivået.

Opplæring for folkevalde og administrasjon

Hausten 2023 er det kommunestyre- og fylkestingsval. Som tidlegare vil Statsforvaltaren tilby opplæring av folkevalde i etterkant av valet, med utgangspunkt i sentrale tema der Statsforvaltaren har ei rolle.

Vi vil i tillegg halde fram med å gi kommunane tilbod om opplæring om andre emne, der dei spør om det. Det gjeld både for dei folkevalde og for administrasjonen.

Samordning av statlege tilsyn

Statsforvaltaren skal samordne statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar etter §§ 30-6 og 30-7 i kommunelova. Samordninga skal bidra til at planlagde statlege tilsyn er målretta, føreseielege og at dei bidrar til forbetring og læring. Samordninga skal óg omfatte den eigne kommunale kontrollverksemda.

Gjennom eit nasjonalt prosjekt er det utvikla ein felles tilsynskalender. Tilsynskalenderen er verktøyet som skal legge til rette for samordning av statlege tilsynsaktivitetar, og alle statlege etatar som har planlagde kommuneretta tilsyn etter kommunelova er pålagde å registrere sine tilsyn her.

Statsforvaltaren *forventar* at også kommunane tar tilsynskalenderen i bruk, og er aktive i planleggingsfasen kvart år. Målet er å gi kommunane tidleg oversikt over planlagt tilsynsomsfang, og moglegheit for dialog i planleggingsfasen.

Når tilsynsdatoane er ferdig samordna av Statsforvaltaren, vil dei planlagde tilsyna vere datosett og offentlege i tilsynskalenderen. Målsettinga på sikt er at ein skal få tilgang til alle tilsynsrapportane gjennom kalenderen, ved at dei er lasta opp eller ved lenker til rapportane der dei ligg i aktuelle tilsynsdatabasar.

Meir informasjon finn de på våre heimesider:

<https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/kommunal-styring/tilsyn/>